

Notat – nr. 9/2019

Hilde Muren

**Korleis definerer statlege styresmakter digital kompetanse for barnehagen, kva krav blir stilt til ein barnehagelærer sin digitale kompetanse?**



<b>Forfattar</b>	Hilde Muren
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/">http://www.hivolda.no/</a>

Korleis definerer statlege styresmakter digital kompetanse for barnehagen, kva krav blir stilt til ein barnehagelærer sin digitale kompetanse?

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

#### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## Innholdsliste

Ord til lesar / Innleiing.....	4
1 Metode.....	4
2 Empiri, styringsdokument .....	4
Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver .....	5
Planverk for barnehagelærerutdanninga .....	5
Oppsummering av funn.....	6
3 Teoriramme: Kompetanse som praktisk klokskap .....	7
Praktisk klokskap .....	7
Teoretisk kunnskap .....	7
Ferdigheiter .....	7
Haldningar .....	8
4 Drøfting .....	8
Klok praksis eller rasjonell praksis? .....	9
Kunnskap eller ferdigheit? .....	9
Profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagen? .....	10
Avslutning.....	11
Referansar .....	12

## Ord til lesar / Innleiing

Eg er utdanna førskulelærer og arbeider no som lærar i barnehagelærerutdanninga. I store delar av yrkeskarriera mi har eg vore interessert i digitale verktøy og reknar meg gjerne som ein «tidleg mottakar» (Bølgan, 2008, s. 48). Både då eg arbeidde i barnhagen og no i barnehagelærerutdanninga.

Eg er derfor blitt interessert i korleis studentar blir førebudd til å arbeide i ein barnehagen som, i følge samfunnsmandatet skal ha ein digital praksis som bidrar til leik, kreativitet og læring (KD, 2017, s. 44). Det er ei oppgåve som ekspertgruppa for barnehagelærarrolla omtalar som didaktiske utfordrande (KD, 2018, s. 133). Samtidig hevda følgjegruppa for barnehagelærerutdanninga at planverket for utdanninga ikkje stiller tydelege krav til den digitale kompetansen som studentane skal oppnå (2016, s. 14). Føremålet med denne teksten er å undersøkje korleis digital kompetanse blir forstått i planverket for barnehagelærerutdanning: Korleis definerer statlege styresmakter digital kompetanse for barnehagen, kva krav blir stilt til ein barnehagelærer sin digitale kompetanse?

Krav til barnehagen sin praksis er regulert i barnehagelova og blir utdjupa i rammeplanen for barnehagen medan kvalifikasjonskrav, dvs. kompetanse, er regulert i planverket for utdanninga. Planverket består av ei forskrift om barnehagelærerutdanninga (2012) med nasjonale retningslinjer (2018). I tillegg er ulike rettleiande dokument laga av direktoratet på vegne av Kunnskapsdepartementet vere aktuelle. For denne teksten er det rammeverk for lærar sin profesjonsfaglegge digitale kompetanse (2017) aktuell.

Kvalifikasjonskrava er formulert som læringsutbyttebeskrivingar for kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse der generell kompetanse forståast om å kunne bruke kunnskap og ferdigheiter sjølvstendig i ulike situasjonar (NOKUT, u.d.) Notatet ser nærmare på denne forståinga - knytt til digital kompetanse. Som teoriramme bruker notatet Davoudi (2015) sin forståing av at (klok) praksis byggast på refleksjon over praksiserfaringar. Refleksjonar der både kunnskap, ferdigheiter og haldningar inngår som viktige komponentar.

## 1 Metode

Denne teksten må utviklast, sentrale moment er: Kvalitativ innhaldsanalyse, dvs. ideanalyse, Davoudi som ramme. Kvantitativ innhaldsanalyse: teljing / Davoudi. Nomadisk dokumentlesing

## 2 Empiri, styringsdokument

Notatet ser først nærmare på kva krav rammeplan for barnehagen har til digitale praksis. Etterpå rettast fokus mot planverket for utdanninga og rammeverket for profesjonsfagleg digital kompetanse

(PfdK) for å sjå korleis digital kompetanse blir definert, dvs. kva krav og forventingar styresmaktene har til ein barnehagelærer sin digitale kompetanse – som grunnlag for ein digital praksis i samsvar med rammeplanen.

### Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver

Rammeplanen for barnehagen: Innhald og oppgåver, frå no av omtalt som rammeplanen, har status som forskrift knytt til barnehagelova og inneheld utfyllande føresegner om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Rammeplanen vart revidert i 2017 og gjekk frå å omtale digital praksis som noko barnehagen burde gjere (KD, 2011, s. 21) til å bli noko som barnehagen skal ha (KD, 2017, s. 44-45, 47, 54). Det digitale perspektivet er ikkje omtalt i tilknytning til verdigrunnlag og innhald, men som ein arbeidsmåte, som digital praksis som skal bidra til lek, kreativitet og læring. I tillegg inneheld rammeplanen pålegg om kva skal kjenneteikne personalet sin digitale praksis: Å bruke digitale verktøy ... med omhu, vise dømmekraft, vurdere relevans og eignaheit, inspirere, utforske, vere kreativ og skapande, saman med barnet, lek, kreativitet og læring. Rammeplanen seier også at personalet skal bruke digitale verktøy i arbeid med alle fagområda og blir spesifikt omtale for eitt av dei: Tal, rom og form.

### Planverk for barnehagelærerutdanninga

Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga, frå no av omtalt som forskrifta, skal sikre at institusjonane tilbyr ei ... utdanning med høg ... kvalitet (§1, 3. ledd). Det blir presisert at utdanninga skal henge saman med barnehagelova, forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (§1, 4. ledd) og nasjonale retningslinjer for utdanninga (§4). Forskrifta regulerer krav til kvalifikasjonar for å utøve barnehagelæreryrket - formulert som læringsutbytte for kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse. Innhaldet i desse blir presisert i merknader til forskrifta og av NOKUT, Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga:

**Kunnskaper:** Kunnskaper er forståelse av teorier, fakta, begreper, prinsipper, prosedyrer innenfor fag, fagområder og/eller yrker.

**Ferdigheter:** Evne til å anvende kunnskap til å løse problemer og oppgaver. Det er ulike typer ferdigheter – kognitive, praktiske, kreative og kommunikative ferdigheter.

**Generell kompetanse:** Generell kompetanse er å kunne anvende kunnskap og ferdigheter på selvstendig vis i ulike situasjoner gjennom å vise samarbeidsevne, ansvarlighet, evne til refleksjon og kritisk tenkning i utdannings- og yrkessammenheng.

Figur 1: <https://www.nokut.no/norsk-utdanning/nkr/beskrivelser-av-laringsutbytte-for-nivaene-i-nkr/>

Forskrifta har eitt kvalifikasjonskrav for digital kunnskap, eitt for digitale ferdigheiter og ingen for generell digital kompetanse:

- Kandidaten har brei kunnskap om barn sine ... gryande digitale ... ferdigheiter.
- Kandidaten kan vurdere, stimulere og støtte ... barn si allsidige utvikling ... som inkluderer digitale ferdigheiter (merknader til forskrifta).

Dei nasjonale retningslinjene (uhr.no, 2018, s. 4) skal utfylle forskrifta og vere førande for utdanningane sine program- og emneplanar. Retningslinjene har ikkje læringsutbyttebeskrivingar for digital kunnskap og digital kompetanse, men konkretiserer kravet til digitale ferdigheiter tre gongar: «Kandidaten kan ... fremme etisk bevissthet og handlingskompetanse med hensyn til digitale utfordringer... (s. 14), «... kan stimulere barn til å utforske, leke, lære og skape gjennom digitale uttrykksformer» (s. 16) og «... har profesjonsfagleg digital kompetanse» (s. 15). Profesjonsfagleg digital kompetanse blir også sett på som eitt av fleire tema som utdanninga skal legge vekt på (s. 6).

Rammeverk for læraren sin profesjonsfaglege digitale kompetanse (Kelentric, Helland & Arstorp, 2017) tar eit digitalt perspektiv på det som blir omtalt som ein omfattande og samansett lærarkompetanse knytt til sju definerte kompetanseområde. For kvart område er det beskrive rettleiande kvalifikasjonar for digital kunnskap, digitale ferdigheiter og generell digital kompetanse, til saman 57 læringsutbyttebeskrivingar som saman uttrykkjer forventingar til lærar sin profesjonsfaglege digitale kompetanse. Rammeverket bygg på nasjonale forskrifter og retningslinjer for lærarutdanninga, læreplanverk og nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (s. 5-6). Sentrale omgrep i dokumentet er skule, lærar og elev. Barnehagelærarutdanninga, rammeplan, barnehagelærar og barn er ikkje nemnt, men direktoratet har gjort rammeverket tilgjengeleg på sine nettsider under tema «Digital kompetanse – barnehagelærere og lærere». Dokumentet ligg også på temasider for grunnskulen og vidaregåande opplæring, men ikkje på temasider for barnehagen.

### Oppsummering av funn

Rammeplanen set krav til barnehagens digitale praksis og ser det som ein arbeidsmåte knytt til kva barn og personalet skal gjere: Leike, utforske og lære. Praksis skal vere prega av omhu og dømmekraft og knytast til alle fagområda. Planverket beskriv krav til kvalifikasjonar som skal støtte ein slik praksis – i form av krav til kunnskap og ferdigheiter, ikkje til generell digital kompetanse. Retningslinjene utdjuar forventingar for ferdigheiter, ikkje for kunnskap. Først i desse møter vi omgrepet profesjonsfagleg digital kompetanse, forstått som tema og som ferdigheit. Dette i motsetnad til det rettleiande rammeverket som forstår profesjonsfagleg digital kompetanse som

generell kompetanse konkretisert i form av 57 læringsutbyttebeskrivingar. Ingen av dokumenta skriv direkte om betydning av verdier eller haldningar knytt til digital praksis.

### 3 Teoriramme: Kompetanse som praktisk klokskap

Medan kvalifikasjonsrammeverket omtaler kompetanse som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse, bygg teksten på ei forståing frå utdannings- og yrkessosialisering at god praksis bygg på eit kompetansegrunnlag som består av eit samspel mellom kunnskapar, ferdigheiter og haldningar (Gunnestad, 1998; Aasen & Engen, 1994; Lauvås & Handal, 1995). Dette er ei forståing som gir gjenklang når Davoudi (2015) seier at klok praksis byggast på refleksjonar som kombinerer praksiserfaringar med teoretisk kunnskap, ferdigheiter og haldningar (Amdam, 2019, s. 143).

#### Praktisk klokskap

Davoudi (2015) tar i bruk omgrepet «praktisk klokskap» og seier at klokskap bygg på refleksjonar over praksiserfaringar der både kunnskap, ferdigheit og haldningar inngår. Kompetanse kan då sjåast som ein kapasitet til å utvise klokskap, å handle klokt (Amdam, 2019, s. 143), ein kapasitet som heile tida er under konstruksjon i refleksjonar over kva som faktisk fungerer til det beste for andre. Klok praksis føreset då at eg veit kva eg gjer, korfor eg gjer det eg gjer og ikkje minst, at eg er kjent med kva det eg gjer, gjer med andre: «... people know what they do; they frequently know why they do what they do; but what they don't know is what they do does'...» (Foucault, her frå Davoudi, 2015, s. 327-328.) Dette føreset rett kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

#### Teoretisk kunnskap

Teoretisk kunnskap er kunnskap i form av fakta, teoriar og omgrep. Kunnskapen blir sett på som bevist: som riktig og sann og gjer ein i stand til å analysere seg fram til kva ein kan gjere og korfor. For ein barnehagelærer kan det i følge forskrifta §2 handle om kunnskap barn sine digitale ferdigheiter og i følge rammeverket om kunnskap om vårt digitale samfunn, om barns digitale barndom og om lover, regler og retningslinjer om opphavsrett og behandling av personopplysningar (Kelentric, Helland & Arstorp, 2017).

#### Ferdigheiter

Ferdigheiter kan sjåast som evne til å bruke kunnskap kognitivt, praktisk, kreativt og kommunikativt (NOKUT, u.d.). Det handlar om å kunne beherske verktøy som er nødvendige for å praktisere teoretisk kunnskap. For ein barnehagelærer handlar det i følge forskrifta §2 om å vurdere, stimulere og støtte barn si utvikling av digitale ferdigheiter, i følge retningslinjene å ha profesjonsfagleg digital kompetanse og i følge rammeverket å vise digital dømmekraft i møte med digitale utfordringar, å

kunne ta i bruk digitale teknologi, læremidlar og uttrykksformer (UHR, 2018; Kelentric, Helland & Arstorp, 2017).

## Haldningar

Haldningar kan omtalast som ein handlingsberedskap som er knytt til verdiar og normer som er internalisert i eit miljø eller i seg sjølv, t.d. gjennom ei utdanningssosialisering. Handlingar kan altså forståast som lærte og kultiverte moralske eigenskapar knytt til å handle til det beste for medmenneske (Tholin, 2015, s. 116; Davoudi, 2015, s. 321). Dei fungerer som eit moralsk kompass for kva som kan vere klokt å gjere innanfor det som er mogleg å gjere – slik at menneska som blir berørt av ei handling får det betre (Schei & Kvistad, 2012, s. 109). For ein barnehagelærer kan det handle kva syn ein har på digital praksis i barnehage, i kva grad han blir sett som ein ressurs eller som ein trussel for det som reknast som ein god barndom.

## 4 Drøfting

I rammeplan, planverk og rammeverk for PfdK omtalar ikkje styresmaktene verdiar og haldningar som kompetanse og det blir lagt vekt på digitale ferdigheiter framfor kunnskap. Når dokumenta omtalar «profesjonsfagleg digital kompetanse» som både tema og ferdigheit i planverket og som generell kompetanse i rammeverket, kan det opplevast som uklart korleis omgrepet skal forståast. Når rammeverket er skriven for skulen og samtidig er publisert som gjeldande for barnehagen, utan at ein finn at dokumentet på temsider for barnehagen, kan det støtte opplevinga av uklarheit. Derfor vil teksten drøfte:

- Når verdiar og haldningar til digital praksis ikkje blir omtalt i rammeplan og i planverket, kan det forståast som forventingar til fornuftig eller rasjonell praksis med basis i kunnskap og ferdigheiter og ikkje som praktisk klokskap som også bygg på haldningar?
- Når styresmaktene gjennom planverket vel å fokusere på ferdigheiter framfor kunnskap og generell kompetanse, kan det knytast til ei forståing av digital praksis til å handle om å kunne beherske digitale verktøy? Som noko spesielt, noko teknisk?
- Korleis ønskjer styresmaktene at «profesjonsfagleg digital kompetanse» skal forstått for barnehagen? Som tema og ferdigheit i samsvar med planverket eller som generell kompetanse i samsvar med det rettleiande rammeverket?

Teksten vidare startar med det første spørsmålet, handlar kompetanse om klok eller rasjonell praksis?



## Klok praksis eller rasjonell praksis?

Når barnehagen sin praksis kviler på eit lovfesta verdigrunnlag som ikkje omtalast i samanheng med eit digitalt perspektiv, kan det tolkast som at rammeplanen overser betydning av haldningar som viktige for digital praksis. Men når omgrep som «med omhu», «dømmekraft», «vurdere» og «inspirere» blir brukt i beskriving av ønska digital praksis, kan det lesast som ei forventing om ein klok praksis som har barnas beste som overordna mål. Denne forståinga støttast av at rammeplanen også legg vekt på skjønn og refleksjonar knytt til føremål og innhald, det vil seie verdiar og haldningar, både fagleg og etisk (KD, 2017, s. 8, 16, 38, 44).

Planverket skriv lite om haldningar generelt og ikkje om haldningar knytt til eit digital perspektiv. Det kan skuldast at det nasjonale kvalifikasjonsverket ikkje trekk fram haldningar som ein komponent for kompetanse slik både rammeplanen (KD, 2017, s. 22) og Davoudi (2015) gjer. Det kan også skuldast at haldningar er forstått som ein del av «generell kompetanse», knytt til bruk av omgrep som sjølvstendig, refleksjon og kritisk tenking. Eller det kan også skuldast ei forventing om at lesaren sjølv skal sjå samanhengen med barnehagelova og rammeplanen sin omtale av verdigrunnlaget. Men, når dei statlege styresmaktene ikkje klart tar ansvar for å definere haldningar som ein viktig komponent for digital kompetanse, kan det føre til val som støttar ein rasjonell praksis framfor praktisk klokskap.

Samla kan dette føre til handlingsval som er prega av pliktetikkk: Vi har ein digital praksis fordi lova krev det. Dette støttast av funn i Barnehagemonitor 2015 som viser til at 75% av dei tilsette, heilt eller delvis, grunnga sin digitale praksis med «at det står ... i rammeplanen» (Jacobsen, Kofoed & Loi, 2015, s. 72). Digital praksis blir då ytre motivert og kan bli forstått som «noe spesielt, noe teknisk» som kjem i tillegg til anna arbeid i barnehagen (Bølgan, 2015) og ikkje som følgje av internaliserte haldningar om at digital praksis til det beste for barnet i dagens barndom og samfunn.

## Kunnskap eller ferdigheit?

Når forskrifta skriv om barnehagelærars digitale kunnskap, handlar det om å ha kunnskap om barns gryande digitale ferdigheiter og gir uttrykk for eit barnesentrert og ferdigheitsbasert syn på digital kunnskap. Når forskrifta skriv om ein barnehagelærer sine digitale ferdigheiter, knytast det til å kunne vurdere, stimulere og støtte barns allsidige utvikling. Først når ein les merknadane til forskrifta, kjem det fram at «allsidig utvikling» også inkluderer det digitale perspektivet. Det kan føre til at det digitale perspektivet blir oversett av lesaren, kanskje til fordel for t.d. språkleg, sosial og motoriske utvikling, område med lange tradisjonar i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. På den andre sida er det forventingar til desse digitale ferdigheitene som blir utdjupa i retningslinjene, ikkje forventingar til digital kunnskap. Med eit slikt fokus på ferdigheiter framfor kunnskap og generell kompetanse, kan det forståast som at styresmaktene støttar eit syn på digital kompetanse først og

fremst som ein ferdigheit, som noko spesielt og teknisk. Ein konsekvens kan vere at også utdanningane fokuserer på ferdigheiter slik at ein barnehagelærarar kan oppleve å ikkje vere godt nok kvalifisert for ein digital praksis som skal støtte barns sin leik, kreativitet og læring.

### Profesjonsfagleg digital kompetanse i barnehagen?

Når dei nasjonale retningslinjene forstår PfdK både som eit tema som skal vektleggast i utdanninga og som ein ferdigheit, kan ein bli usikker på korleis styresmaktene forstår omgrepet. Når rammeverket i tillegg omtalar PfdK som generell kompetanse knytt til nærmare 60 læringsutbyttebeskrivingar, aukar usikkerheita om korleis omgrepet skal bli forstått. Dette kan skuldast at det er eit nettverk av dokument som styrer sektoren, at dokumenta oppdaterast til ulike tid og av ulike skrivarar med ulike forståing for omgrep som for eksempel digital kompetanse. Men når rammeplanen er frå 2017, forskrifta frå 2012, retningslinjer frå 2018 og rammeverket frå 2017, burde i alle fall retningslinjer og rammeverk samsvare betre i forståing av omgrepet. Dette kan tyde på manglande felles forståing for kva som ligg i omgrepet, kanskje fordi rammeverket er skriva for skulen, ikkje for barnehagen – og bygg på skulen sine styringsdokument? At rammeverket er redefinert til også å gjelde barnehagen, utan å vere tilgjengeleg på barnehagen sine temasider hos Utdanningsdirektoratet, gjer det ikkje lettare å forstå korleis styresmaktene definerer PfdK og kva krav dei stiller til barnehagelærarar og utdanningane. Er det eit tema, ferdigheiter eller grunnlag for rasjonell praksis? Når rammeplanen på si side ønskjer klok praksis, blir det eit gap mellom kvalifikasjonskrav og krav i rammeplanen.

## Avslutning

Føremålet med teksten har vore å undersøkje korleis statlege styresmakter definerer digital kompetanse for barnehagen og kva krav som blir stilt til ein barnehagelærer sin kompetanse. Dette notatet har sett på rammeplanen for barnehagen, planverket og rettleiande rammeverk for PfdK for utdanninga.

Rammeplanen seier at barnehagen skal ha ein digital praksis som bidrar til leik, kreativitet og læring – ei oppgåva som etter denne teksten må lesast som ei forventning om klok praksis som bygg på refleksjon over digitale praksiserfaringar der både kunnskap, ferdigheiter og haldningar er viktige komponentar. Ekspertgruppa for barnehagelærarrolla har omtalt oppgåva som didaktisk utfordrande og følgjegruppa for utdanninga har hevda at planverket for utdanninga ikkje stiller tydelege krav til den digitale kompetansen som studentane skal oppnå.

Notatet er skriva med ei førforståing av at kompetanse, også digital kompetanse, vart forstått eit samspel mellom kunnskap, ferdigheiter og haldningar knytt til eit felles verdigrunnlag. I staden fann har analysen funne eit fokus på ferdigheiter framfor kunnskap og haldningar ikkje blir omtalt. Det kan tyde på at styresmaktene likestiller det rasjonelle med det kloke eller at dei meiner at utdanningane eller studenten sjølv skal sjå koplinga mellom kompetanse, kvalifikasjonskrav og verdigrunnlag. Det kan føre til at utdanningane gjer val som kvalifiserer barnehagelærarar til å handle fornuftig og rasjonelt, til å gjere pliktetiske val framfor til å gjere kloke val med dei rette haldningane som eit moralsk kompass. Det gjer at notatet støttar følgjegruppa i vurdering av at planverket for utdanninga ikkje stiller tydelege krav til barnehagelærarar sin digitale kompetanse. Rammeverket for PfdK kan rettleie barnehagen og barnelærerutdanningane til ein meir tydeleg forståing av krava, men når planverk og rammeverk bruker same omgrep forskjellig og rammeverket har svak kopling til barnehagesektoren, er det usikkert om det opplevast som rettleiande eller ikkje gjeldande for barnehagen.

Desse vurderinga støttar følgjegruppa i vurdering av at planverket for utdanninga ikkje stiller tydelege krav til barnehagelærarar sin digitale kompetanse og at dette kan vere ein grunn til ekspertgruppa omtalar oppgåva som didaktisk utfordrande. Dette er sannsynlegvis ikkje intensjonen til styresmaktene, men kanskje eit resultat av eit nettverk av dokument. Dokument som er tenkt å henge i hop, men som ofte ikkje gjer det. Kanskje fordi det har ulike skivarar, ulike målgrupper og oppdaterast til ulik tid.

## Referansar

- Amdam, R. (2019). Klokskap og leiarskap i samarbeidsdriven innovasjon. I A. K. T. Holmen & R. Ringholm: *Innovasjon møter kommune*. Oslo. Cappelen Damm, Akademisk
- Bølgan, N. (2018). *Digital praksis i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget
- Davoudi, S. (2015). *Planning as practice of knowing*. *Planning Theory* 2015, Vol. 14 (3) 316-331, henta her <https://journals.sagepub.com/doi/full/10.1177/1473095215575919>
- Følgjegruppa for barnehagelærerutdanninga (2016). *Barnehagelærerutdanninga. Tilbakevendande utfordringar og uprøvde muligheter*. Rapport nr. 3. Lest her <https://www.regjeringen.no/contentassets/0efc6554255647b1b138e4a2507f0c17/blu-rapport-nr-3--oktober2016-002-pdf.pdf>
- Jacobsen, H., Kofoed, T., & Loi, M. (2015). *Barnehagemonitor 2015. Den digitale tilstanden i barnehagen*. Senter for IKT i utdanningen.
- KD (2012). *Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning (FOR-2012-06-04-475)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-06-04-475>
- KD (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagen: Innhald og oppgåver*. Henta frå <https://www.udir.no>
- KD (2018). *Barnehagelærerrollen i et profesjonsperspektiv – et kunnskapsgrunnlag. Ekspertgruppen om barnehagelærerrollen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet
- NOKUT (u.d.) *Beskrivelser av læringsutbytte for nivåene i NKR*. Henta frå 27.09.19 frå <https://www.nokut.no/norsk-utdanning/nkr/beskrivelser-av-laringsutbytte-for-nivaene-i-nkr>
- Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (2012). *Forskrift om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og om henvisningen til Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (FOR-2017-11-08-1846)*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-11-08-1846>
- Tholin, K. R. (2015). *Profesjonsetikk for barnehagelærere*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Schei, S. H. & Kvistad, K. (2012). *Kompetanseløft. Langsiktige tiltak i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget

Kelentric, Helland & Arstorp, 2017 (sist oppdatert 05.02.18). Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse (PfdK). Henta frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/profesjonsfaglig-digital-kompetanse/rammeverk-larerens-profesjonsfaglige-digitale-komp/>

UHR (2012). *Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanning*. Henta frå [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2012/nasjonale\\_retningslinjer\\_barnehagelaererutdanning.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2012/nasjonale_retningslinjer_barnehagelaererutdanning.pdf)